



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Myrkdalen Hotel
Dato: 09.10.2024
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Alexander Fosse Andersen har meldt forfall og Trude Brosvik møter som vara.

Styremøtet vert halde etter dialogmøtet med rådgjevande utval for Stølsheimen.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 26/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 27/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 28/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 12/24	Høyringsuttale - Stølsheimen verneområdestyre - NOU 2024: 10 - ny motorferdselslov		2022/575
RS 13/24	Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - fjerning av steinblokker i buførestien		2023/18310
RS 14/24	Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Solrenningsvatnet - motorferdsel - motorisert kano - Kristi Brekke		2024/10646
RS 15/24	Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - motorferdsel - bru ved turisthytta		2023/4541
RS 16/24	Løyve - delegert sak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vøvringen - rydde gammel sti - helikoptertransport		2024/13137
RS 17/24	Førehandsvarsel - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1		2024/13237
RS 18/24	Førehandsvarsel - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved naust		2024/13557
ST 29/24	Stølsheimen landskapsvernområde - Vatnane - nytt stølshus - Vik kommune - 64/12		2024/7528

ST 26/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 27/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 28/24 Orienteringar og referatsaker
RS 12/24 Høyringsuttale - Stølsheimen verneområdestyre - NOU 2024: 10 - ny motorferdselslov
RS 13/24 Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - fjerning av steinblokker i buførestien
RS 14/24 Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Solrenningsvatnet - motorferdsel - motorisert kano - Kristi Brekke
RS 15/24 Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - motorferdsel - bru ved turisthytta
RS 16/24 Løyve - delegert sak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vøvringen - rydde gamal sti - helikoptertransport
RS 17/24 Førehandsvarsel - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1
RS 18/24 Førehandsvarsel - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved naust



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	29/24	09.10.2024

Stølsheimen landskapsvernområde - Vatnane - nytt stølshus - Vik kommune - 64/12

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Geir Otterskred løyve til å rive det gamle stølshuset på Vatnane, og sette opp nytt stølshus på same grunnmurane. Bygget tilhøyrrer gnr. 64 bnr. 12. i Vik kommune. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 3

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det ståande stølshuset skal rivast, og materiale som kan brukast opp att skal nyttast i det nye stølshuset.
- Nytt bygg skal førast opp att på dei same grunnmurane som det gamle stølshuset stod på. Utvendige mål på grunnmuren og bygget skal vera inntil 4,5 meter breidde og inntil 7 meter lengde. Kledningen skal gå i eit med muren eller vere innpå muren. Høgda på sideveggane frå muren til taket skal vera inntil 2,2 meter. Høgda på taket skal vera inntil 1,8 meter. Takvinkelen skal vera 35 grader.
- Bygget skal ha liggande enkel kledning med overlapp over underliggande bord, tilsvarande det som er tradisjonell byggeskikk i området. Dersom stølshuset vert måla, skal det vera i ein gråtone, tilnærma gamalt grånande treverk.
- Takutstikk skal ikkje vera meir enn 10 cm. Taktekkingsmateriale skal vera torv. Torva skal stikkast i naturbeitemark i utkanten av stølsvollen, men ikkje i myr. Torva skal takast ut i striper på ca. 0,5 meter. Det skal vera ca. 0,5 meter mellom stripene. Overskotsmasse etter torvlegginga skal leggast tilbake og spreiaast utover stripene, slik at stripene gror raskt til med ny vegetasjon.
- Vindauge skal ha eit enkelt preg med småruta glas jf. fig 1. i saka. Det skal ikkje vera dekor på vindauga slik det er vist i fig 1. Det kan setjast inn eit lite vindaug med fire småruter over døra i austveggen, med same storleik som vindaug ved sida av døra, jf. fig. 1 i saka. Det kan berre vera eit vindaug på kvar av sideveggane. Begge desse vindauga skal ha same storleiken som vindaug i sørveggen, jf. fig. 1 i saka. Vindaug i vestveggen kan ha inntil den storleiken som vist i fig. 1 i saka.



- Høgda på muren skal vera lik dagens nivå på eksisterande stølshus. Murane skal restaurerast med steinar frå eksisterande mur. Muren skal murast etter tradisjonell teknikk. Det kan plukkast stein frå nærområdet til supplering av muren.
- Terrenget rundt stølshuset skal ikkje omarbeidast, og eksisterande vegetasjon skal gå heilt inn til murane.
- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Tiltakshavar skal melda frå til verneområdeforvaltninga når arbeidet på nytt bygg startar opp. Løyve til tiltaket er gyldig til 01.11.2027. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne datoen.

Dette løyvet er berre handsama etter reglane i verneforskrifta. Det må i tillegg sendast søknad om byggeløyve til Vik kommune.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om bygging av stølshus på Vatnane, Geir Otterskred, 30.08.2024


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
- Stølar i Stølsheimen, *Fylkeskonservatoren i Hordaland*. Registreringsrapport nr. 5
- Kulturminnefagleg uttale, *avdeling for kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune*, 01.10.2024


Geir Otterskred er grunneigar i Arnafjorden (gnr. 64, bnr.12). Garden har stølsrett på stølen Vatnane i Stølsheimen landskapsvernområde. Stølshuset til Otterskred vart sett opp på 80-talet. Dette er eit lite bygg som er sett opp inne i murane etter det gamle stølshuset. Otterskred har aktiv landbruksdrift på garden, og har sauer på beite i fjellområdet rundt Vatnane. Han brukar stølshuset i samband med landbruksnæringa, og meiner at stølshuset må utvidast noko for å ha naudsynt plass til folk i samband med tilsyn av sau og sauesanking. Stølshuset er hovudsakleg i bruk frå våren til hausten. Otterskred opplyser at stølshuset han har i dag treng totalrenovering. Det har ei grunnflate på 3,2 x 5 meter. Dette gjev for liten plass til 4-5 personar som treng overnatting i samband med sauesanking.

Otterskred søkjer om å få bygge nytt stølshus med same grunnflate som eksisterande grunnmur, og i same stil som dei andre stølshusa på Vatnane. Det vert også argumentert med at nytt stølshus er avgjerande for vidare drift med beitedyr, og med tanke på neste generasjon og framtidig drift.

Skisse til nytt stølshus som er sendt med søknaden viser nedanfor.



Figur 1 Fasade, stølshus. Kopi frå søknad.



Figur 2 Plan og snitt, stølshus. Kopi frå søknad.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta.

Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materiale kan gjennomførast utan særskilt løyve. I fylgje verneforskrifta punkt VI nr. 2 kan forvaltningsmynde gje løyve til «Oppføring av....andre bygg samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden». Forvaltninga kan og gje løyve til «Restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområda» jf. verneforskrifta punkt VI nr. 3.


Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stølen Vatnane ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Det er 6 stølshus på stølen i dag, og nokre tufter etter eldre bygg. Stølshusa er bygd etter tradisjonell byggeskikk i området, men med nokre bygg som er modernisert. Stølen framstår i dag som ein støl med eit heilskapleg stølsmiljø. Stølane og stølshusa er ein del av verneføremålet i Stølsheimen



landscapsvernområde, og det er av stor verdi at stølshusa vert sett i stand for at heilskapen i stølslandskapet vert tatt vare på. For å ta vare på kulturmiljøet på stølen, er det viktig at nye bygg har same preget som dei gamle stølshusa. Det er også avgjerande med landbruksdrift med beitedyr for å få god skjøtsel av kulturlandskapet.



Figur 3 Kart over området Vatnane, og med tursti frå Arnafjord til Vatnane. Kjelde; fylkesatlas


I verneplanprosessen var restaurering av bygningar og kulturminne vurdert og gitt eigne reglar i verneforskrifta. Restaurering og oppattbygging av stølshus kan gjevast løyve til i samråd med kulturminnemynde i fylkeskommunen. Det kan også gjevast løyve til nye bygningar i samband med landbruksdrift. Denne saka vert vurdert som etter punkt VI nr. 2, oppføring av bygg i samband med landbruk.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og rapporten om stølar i Stølsheimen. Området ligg innanfor Fjellheimen villreinområde, og området er kartlagt som vinterbeiteområde for villrein, og området er markert som trekkområde for villrein. Det er mange år sidan villrein vart registrert i dette området. Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i nærområdet til stølen Vatnane (Naturbase 30.10.2024).

På stølen er det stølstuffer og stølshus som er registrert i kulturminneregistret SEFRAC. Fylkeskommunen påpeikar at tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå



til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.



Figur 4 Stølsmiljøet på Vatnane og dei registrerte tuftene i SEFRAK-registeret. Kjelde: Askeladden

65 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KRISTIAN OTTERSKRED
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 12



Tufta inneheld grunnmurane for eit sel. Trekonstruksjonane vart nedtekne i 1952 og nytta i tilbygget til hus nr. 65.

105

Figur 5 Bilde av murane til stølshuset til Otterskred. Kjelde; Stølar i Stølsheimen, Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.



Figur 6 Stølshuset i dag, vestveggen. Foto Anbjørg Nornes



Figur 7 Stølshuset i dag austveggen. Foto Anbjørg Nornes

Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. På denne stølen er kulturmiljøet ivareteke med stølshus som framleis viser den lokale byggeskikken i området. Det vil sei små bygningar med knappe detaljar. Det er av stor verdi at stølshuset til Otterskred vert bygd tilsvarande som eit tradisjonelt stølshus. I forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde er det retningslinjer for oppføring av bygg i landskapsvernområdet. Det står mellom anna at gjenoppføring av bygg skal vera i



tråd med tradisjonell byggeskikk på den aktuelle stølen. Vidare står det at «*Dersom kulturminnestyresmaktene tilrår gjennomføring av stølshus på gamle murar, bør stølshuset setjast opp i tråd med byggeskikken som er tradisjonen for området (jf. pkt. VI nr. 3). Stølsmiljøet bør tilleggjast stor vekt i vurderinga av saka. Dei privatrettslege forholda må vera avklara.*» Med dei presiseringane som er gjevne i dette løyvet vil tiltaket det er søkt om i stor grad vere i tråd med retningslinjene i forvaltningsplanen, og forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaket som liten.

I skisse i søknaden er det teikna inn større og fleire vindauga i bygget enn det som er vanleg i dei tradisjonelle stølshusa. Stølen i samband med landbruksdrifta vert mest nytta vår, sommar og haust. Det bør setjast vilkår for utforming av stølshuset som ivaretek både det heilskapleg stølsmiljø, og behova som bonden har for bruken i landbruksdrifta. Vestland fylkeskommunen har gitt fylgjande uttale til søknaden:

«Fylkeskommune vurderer at selet som er tenkt oppført langt på veg er tilpassa kulturmiljøet på Vatnane. I søknaden står det at ein vil bygga nytt på eksisterande grunnmur. Grunnmuren er i følgje SEFRAK- registeret 7 meter lang og med ein breidd på 4,5. Ekisterande murer må vølast og byggas oppatt på tradisjonelt vis, og høgda på muren må ikkje vere høgare en dagens nivå.

Vi rår vidare til at antall vindauge reduserast ved at det store glaset i den eine langveggen fjernast og at vindauge på sidan av døra tas bort. Vindauge til hems over dør bør reduserast i storleik. Takutstikka i gavlane bør òg reduserast. Terrenget rund må ikkje omarbeidast og ekisterande vegetasjon må gå heilt inn til murane.»

I SEFRAK-registeret er måla på grunnmuren oppmålt til 7 meter lengde og 4,5 meter breidde. Dett er yttermåla på grunnmuren. Det var vanleg at stølshusa stod innpå muren. For å få mest mogleg lik utforming og preg på stølshuset, er det innstilt på inntil 4,5 meter breidde på bygget, tilsvarende som den gamle stølsmuren. Den vanlege byggeskikken på denne stølen er ein innerdel med laftekasse og eit skot. Tømmerdelen er kledd med liggande skorne bord, og med enkel kledning med overlapp over underliggende bord. Dette er den metoden som er mest vanleg for kledning på stølshusa i Stølsheimen.

Dei gamle stølshusa hadde få vindauge, gjerne berre eit i eine gavlveggen. For å få eit bygg som er meir tilpassa dagens bruk, vert det rådd til å setja inn eit vindauga på kvar side av langveggen og eit i vestveggen. Det vert i tillegg rådd til å gje løyve til eit lite glas over døra, for å gje lys inn på hems som er planlagt i bygget.

I skisse til nytt bygg er det teikna torv på taket på bygget. Torv er tradisjonelt nytta til taktekking, og forvaltar vurderer det som ei god løysing. Torva skal vera med vegetasjon frå området, og kan hentast i utkanten av stølsområdet. Etter ei totalvurdering av tiltaket, vurderer forvaltar at byggemetoden som er valt vil vera ein god miljømessig metode for dette tiltaket jf. nml. § 12.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket med bygging av nytt stølshus på Vatnane ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og er i tråd med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingane rår forvaltar til at det vert gjeve løyve



til å rive det gamle stølshuset, og sette opp nytt stølshus på tuftene etter det gamle stølshuset. Innstilling til vedtak er med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 2.